

## *Ferievikarar*

Prestemarka bu- og dagtilbod søker etter ferievikarar/ studentar/ungdommar over 18 år i tidsrommet veke 26 til og med veke 33.

Prestemarka bu- og dagtilbod yter helse- og omsorgsteneste til ca. 30 tenestemottakarar med ulike behov, dei fleste med diagnosa utviklingshemming.

Har du spørsmål eller ønskjer meir informasjon, kontakt einingsleiar Eirik Frøystad på tlf. 70 24 48 91.

Skodje kommune nyttar eige søknadsskjema. Dette finn du på [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no), eller ved å kontakte servicekontoret.

Søknadsfrist: 01.04.2014.

## *Opningstider i påska*

Måndag og tysdag i påskeveka er det vanleg opningstid på rådhuset.

Onsdag før skjærtorsdag stengjer vi kl. 12.

Mange av dei tilsette tek fri desse dagane, så eventuelle møter bør vere avtalt på førehand.

Skodje kommune

ønskjer alle

God Påske!

## *«Skodje i vekst»*

# *Ordføraren inviterer til ope temamøte*

**Areal, samferdsel og næring - Gomerhuset tysdag 25. mars kl. 18.00**

Skodje kommune har starta arbeidet med rullering av kommuneplanen. Kommuneplanen sin samfunnsdel er det overordna styringsdokumentet til kommunen. Det er denne planen som skal legge føringar for all kommunal drift og tenesteproduksjon. Planen er styrande for utviklinga av kommune som samfunn og kommunen som organisasjon.

Fylkesplansjef Ole Helge Haugen og landbruksdirektør Anne Berit Løset vil snakke om «Arealbruk i eit regionalt perspektiv» og «Landbruk i plan». Pål Farstad, som er Stortingsrepresentant for Venstre, vil gå nærare inn på temaet «Næring i Norge», medan Arne Mehl frå Hoppid-kontoret orienterer om ulike mogeligheiter for gründerar i Skodje. Eit utval av næringslivsaktørar i kommunen får høve til å presentere seg og verksemda si i løpet av kvelden.

Jørgen Amdam, er ein engasjert professor i samfunnsplanlegging frå Høgskulen i Volda. Amdam skal halde innlegg og leie den avsluttande paneldebatten som har fått hovudtema:

*«Livskraftige kommunar og regionar - Korleis kan næringslivet, kommunen og sivilsamfunnet samarbeide for å fremje utviklinga?»*

Temamøte om areal, samferdsel og næring er det første av fleire møter, som skal vere med på å sette viktige tema for utviklinga av Skodjesamfunnet på dagsorden. Dato for ope temamøte - Barn og ungdom, folkehelse og frivillighet vil bli kunngjort nærare.

Velkommen!



Fleire har etterspurt «Tjukkasgjeng» på Skodje, og Frisklivssentralen ynskjer å initiere til oppstart og organisering. Det vert eit ope møte for alle som er interessert på Frisklivssentralen torsdag 27. mars kl 19.30.

Leiar for Frisklivssentralen orienterer om kva «Tjukkasgjeng» er, og viser korleis det vert organisert andre stadar i landet. Deretter vert det diskutert korleis vi kan få dette til på Skodje.

Kort om Tjukkasgjengen: Bevegelse som starta opp i Moss i januar 2012. Har over 24 000 medlemmar med 311 underavdelingar. Ein har fellestreningar der ein går turar. Det skal vere GØY og SOSIALT, GRATIS og for ALLE. Søk

opp «Tjukkasgjengen» på facebook for å finne ut meir.

«Tjukkas er noko du er i hjarta. Ein tjukkas er ein som ikkje tek seg sjølv høgtideleg, som er blid, sosial og har masse sjølvironi. Du kan vere tynn som ein stilk og likevel vere ein skikkeleg tjukkas»

«Tjukkasvenner er som gatelyst langs veien. De gjør ikke avstanden kortere, men veien enklere å gå.»

## Nytt frå helsesenteret

Av sikkerhetsmessige årsaker er det ikkje lenger mogleg å betale med kontantar på legekortet. Vi oppfordrar alle til å betale med kort slik at ein slepp fakturagebyr ved betaling.

Kommuneoverlege Magnus Norstrand Lied går ut i fedrepermisjon frå 11.mars -20.juni. I han sitt fråvær blir Øyvind Bakken Rognstad vikar. Olav Mestad blir då fungerande kommuneoverlege.

## Søknadsfrist SFO

Søknadsfristen for SFO er utsett til 1. mai. Grunnen er at vedtekene for SFO i Skodje er til politisk handsaming.

## ÅRIM

Ålesundsregionens Interkommunale Miljøseksjon (ÅRIM) har ansvar for Skodje kommune sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og handsaming av avfall og slam.

For meir informasjon om renovasjon og slam, ta kontakt med ÅRIM på tlf. 70 16 41 80, eller sjå ÅRIM sine nettsider arim.no.

## Renovasjon

### Endra hentedagar

På grunn av påske, 1. mai og Kristi himmelfartsdag, vert hentedag for **soner 3** (Brusdal, Mørkeset, Innvika, Svorta, Glomset) **onsdag** i staden for torsdag i veke 16, 18 og 22.

## Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 24. juni. Frist for innlevering til dette nummeret er 17. juni.

## Kulturkalender for Skodje

I møte med friville lag både 19.01.12 og 06.03.14 har vi drøfta oss fram til semje om å bruke kulturkalenderen i Kulturnett Møre og Romsdal som lokal kulturkalender.

Grunngjevinga er:

- Ved å velje Skodje, får vi fram berre det som skjer i kommunen vår.
- Ved å velje Alle, kan vi sjå kva som skjer i andre kommunar.
- Alt av arrangement kan leggest ut; konsertar, forestillingar, idrettsarrangement og turar i friluft.
- Alle kan legge inn arrangement utan passord. Det er også råd å lage sin eigen profil som ein loggar seg inn med. Då kan ein gå inn og redigere/fjerne det ein sjølv har lagt inn.

- Ved å bruke denne kulturkalenderen blir vi også meir fortrulege med nettportalen Kulturnett Møre og Romsdal, som inneheld mykje lokalt kulturstoff.

Direktelinkar til denne kulturkalenderen finn de både på Skodje kommune si heimeside, under Kultur og idrett, og på Gomerhuset si heimeside under Kulturkalender.

Internettadressa er [moreogromsdal.kulturnett.no/kulturkalender](http://moreogromsdal.kulturnett.no/kulturkalender)

NB! Arrangement på Gomerhuset vil i tillegg bli lagt inn på [gomerhuset.no](http://gomerhuset.no).

### Aktivitetsoversikt 2014 for innbyggjarar i Skodje kommune

DAG	AKTIVITET	TID	OPPMØTE	LAG/ORGANISASJON	KONTAKTPERSON
MÅNDAG	Seniordans	10.30-12.00	Klubbhuset	Skodje seniordans	Björg Meyer, tlf. 416 10 229
MÅNDAG	Helsetrim for damer	18.30-20.00	Klubbhuset	LHL	Odd Grande, tlf. 917 69 976
TYSDAG	Turgåing	11.00	Klubbhuset	NAAF	Jarle Ekroll, tlf. 977 25 678
TYSDAG	Korøving	19.30-22.00	Gomerhuset	Blandakoret	Stefan Grindvik 90113773
ONSDAG	Eldrecafe, 2. kvar veke	11.00-13.00	Jentekolonien	Røde Kors	Torunn Mølsæter
ONSDAG	Helsetrim for herrer	19.00-20.00	Klubbhuset	LHL	Odd Grande, tlf. 917 69 976
ONSDAG	Korøving	19.30-21.30	Kyrkja	Kyrkjekoret	Kari Grindvik Tlf. 997 05 856
ONSDAG	Teater-øving	19.00-22.00	Gomerhuset	Skøye Teaterlag	Bodil G. Uri
TORS DAG	Pensjonistmøte, siste torsdag kvar måned		Klubbhuset	Skodje Pensjonistlag	Paul Birger Tysnes, Tlf. 412 35 188
TORS DAG	Turgåing	18.00	Klubbhuset	LHL	Odd Grande, tlf. 917 69 976

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



## SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)